

## Eit annleis år

Når verden gang på gang har slått seg  
vrang,

så synger vi denne sang:

Opp med hodet!

God metode.

Kan vi det, så må vi aldri knærne bøye.

Hatten litt på snei og glade blink i øyet,

husk vårt mål det er å glede og fornøye.

Opp med hodet mot det høye,

så skal du se at livet blir en stor suksess.

*Song frå Hardanger under 2. verdskrig*

Sjølv om også museet må innføra restriksjonar, er du hjarteleg velkomen til Kraftmuseet sin besøksarena i Tyssedal. Her kan du trygt sjå biletspel, utstillingar og gå i den gamle kraftstasjonen.

Munnbind kan kjøpast i resepsjonen om du ynskjer det. Kraftstasjonen i Tyssedal er open

**tysdag-fredag**

**kl. 10-15**



Grunna dei nye retningslinjene for smittevern held vi stengt på tre andre arenaer inntil vidare.

Dette gjeld besøk på Lille-topp, KraftLaben og i Folgefonngata.

Juleverkstaden 2020 blir digital!

Følg med på nett - [kraftmuseet.no](http://kraftmuseet.no)

(-: Smil :-)




Før i tida drakk folk noe varmt og gikk til sengs når de kjente seg forkjølet og begynte å hoste. Nå for tiden ser det ut som de går på konserter og kino når symptomene melder seg.

*Olaves Steinpokker*


## Frå anleggstida i Tyssedal

Store-Johan Green traff ein dag på sjølvaste Sigurd Kloumann, ein av dei verkeleg store ingeniørane i pionertida, midt ute på den trange brua over den ville Tyssøelva. Store-Johan hadde ei svær bør på ryggen. Midt ute på brua vifta Kloumann Store-Johan tilbake - ein skulle vika for dei høge herrar på den tida, sjølv om Kloumann var liten av vokster. Store-Johan hadde ei hånd fri. Han greip fast i bringa på Kloumann, løfta han opp og heldt han ut over rekkverket. Der heldt han den vettskremde ingeniøren over 40 meter fritt fall og sa: "Vær glad jag er barnkjær". Så snudde han seg og satte Kloumann ned igjen på brua bak seg. Begge kunne gå den vegen dei skulle.



## Dr. Håvik

Ein mann frå fjorden kom roande inn til Odda med kona hengande i fiske snøret. Han hadde vore uheldig då han slengte ut snøret, så sluken hamna i nesa til kona. Mannen gjekk foran gjennom sentrum og opp til sjukehuset med fiskestanga over skuldra og kona hengande etter. Det første dr. Håvik gjorde då dei kom opp til sjukehuset, var å klippa av snøret. Det hadde ikkje paret tenkt på.



# Tidslinjeutstilling

Kraftmuseet er stolte over å kunna presentera den nye tidslinjeutstillinga «Norsk vasskraft». Utstillinga spenner opp lange linjer gjennom vel 100 år med norsk vasskraft, frå panikklover og pionertid til kraftsosialisme og Monstern i Hardanger.

Gjennom ord og bilete får publikum forteljinga om eit vasskrafteventyr formidla på ein effektiv og interessevekkjande måte.

Utstillinga er grafisk utforma av designbyrået Garp og du finn den i nordenden av kraftstasjonen i Tyssedal.



## ”Hjem”

Hele mitt lange liv  
har jeg alltid  
vært på vei ”hjem”.  
Uansett hvor i verden  
jeg reiste,  
var målet alltid,  
å komme ”hjem”.

Sjøl når jeg ville flykte  
fra de aller nærmeste,  
i raseri og fortvilelse.  
Var det egentlig ”hjem”  
jeg ville.

Dette livslange ønske  
å komme ”hjem”,  
tar først slutt,  
ved livets ende.  
VV.

# Kraftlandet

Ei ny nettside for formidling av norsk vassdrags- og energihistorie er i kjømda!

Eit nytt «land» er under arbeid. Under konstallasjonen kalla museumsordninga arbeider Kraftmuseet saman med kulturhistorieteamet i NVE og Anno Norsk skogmuseum om utviklinga av ei heilt ny nettside for formidling av norsk vassdrags- og energihistorie. Ambisjonen er å gjera denne nasjonale forteljinga betre kjent og relevant for det norske publikum.

Nettsida er døypt **Kraftlandet** og det er eit land der menneska møter naturkreftene. Nokre av kreftene kan menneska temme, andre rår dei ikkje over. Kraftlandet skal husa forteljingane om desse kreftene og om desse menneska.

Redaksjonen har saman med designbyrået Creuna utvikla konseptet for nettsida. Det redaksjonelle innhaldet som skal fylla sida spenner frå tekst og bilete, til lyd og video. Stoffet blir organisert i ein episodisk struktur der kvar episode utgjør eit eige saksunivers. Ein podkast står som sentralt element tilhøyrande kvar episode.

Dette er eit stort formidlingstiltak for oss, og det er stas at nettsida no er i ferd med å finne forma si, seier rådgivar Guro Kvalnes. Eg gler meg til å ønskja publikum velkomne inn i Kraftlandet!

Første episode i Kraftlandet har planlagt publisering i løpet av desember.



# Jolatre frå Voss

Nedskrive av elevar i klasse 6A 1983/84, Odda Barneskole. Margit Digranes fortel om oppveksten i murboligen.

## Ho fortel om ei jul på 1920-talet.

Vi fekk alltid jolatre frå Voss, for der hadde vi bestemor og bestefar. Før så var det ikkje veg til Tyssedal eing gondt då, alle varer kom med båten. Til Voss gjekk det jo ikkje båt, men dei sende det til Granvin, og så gjekk det med båt derifrå og til Odda. Og me gjekk kvar dag i ei veke og venta på dette jolatreet. ”Å, nei, det er ikkje kome”, sa ein som heitte Bårda-Lars, han arbeidde på kaien. Kvar einaste dag sprang me ned med det same me kom frå skulen, men nei det var ikkje kome. Like til Vetle-julaften gjekk med, då grein me. Det kan koma i morgon sa Bårda-Lars, det kjem ein båt i kveld, og då får de det treet på jolafta. På jolafta då var me jo fri frå skulen så då sprang me ned med ein gong.

Nei, ikkje noko jolatre!

Me vart lange i fjeset igjen, veldig bedrøva, og fortalde det til mor og far, og så sa far: ”Eg skal gå opp i Bygda og til Bonden der og spørja om vi får hogga eit tre.” Det var ein stor gard i Bygda før, der som det er mange hus no, og der budde ein mann som vi kalla for Bonden, det var han som åtte skogen oppover der med Hestavoll.

Jau, då, så skulle far få lov til å finna seg eit tre på jolafta, men han måtte ikkje ta gran og ikkje fure, han skulle få lov til å ta ein brake. Så kom han heim med braken, han var jo litt smal og litt fin, men det var jo ikkje jolatre! Me var så skuff, men når vi ikkje hadde noko anna så måtte me pynta braken, og det gjorde me.

Me var akkurat begynt å pynta, då banka det på døra, og der stod Braka-Lars, han som arbeidde på kaien, med eit fint jolatre. Det hadde kome likevel, det hadde blitt ståande i Tyssedal, dei hadde lossa det feil, og så kom det ein mann roande med det til Odda. For han syntest det var synd at vi ikkje skulle få det til jolafta. De kan tru vi var glade! Od det var ikkje berre jolatre. På treet var det hengt ein pakke og så fylgde det med eit par ski, og det var presang til alle saman, det var det fyrste skiparet me hadde hatt, og dei skulle alle me ungene eiga saman.

Me stod på ski i Bygda, der var ein liten, fin bakke. Men det var den jolafta ja. Vi skulle akkurat til å ta pynten av braken, men då sa mor mi: ”Tenk på dei Hauge, som bur under oss. Dei har jo ikkje jolatre dei!” Dei hadde mist mor si dei, i spanskesykja, og faren hadde ikkje nokon til å stella for seg, og så hadde han fire born, og han hadde ikkje tid til å laga til noko jol. Så den braken som me hadde pynta, den gjekk me ned til dei med. Og det fine jolatreet som kom frå Voss, det pynta me. Og så vart det jol både hos Hauge og hos Rokne.



# Forskningsdagane 2020 - natt på museet



I slutten av september inviterte Kraftmuseet til prat om hjernen, quiz og rebus for heile familien, og til og med disseksjon av ein ekte hjerne!

Det var forskningsdagane som hadde den fantastiske hjernen på programmet i år.

Familiiekvelden kunne varta opp med saftstasjon der ein kunne få «hjerne-shots» med tran, det var musikk med Richard Backer-Owe, engasjerte born løyste rebus og fekk premiar. Over 80 nøgde gjester var til stades, og den gode plassen i kraftstasjonen gjorde at ein kunne halda dei naudsynte smittevernforskriftene.

## Digital juleverkstad 2020



For fyrste gong vert den tradisjonelle juleverkstaden avlyst...men ikkje heilt! Ein ny og annleis juleverkstad vil finne stad - på nett.

Det vil koma små videoar med instruksar til korleis born og vaksne kan lage eigen julepynt. Desse vil ein kunne finne på Kraftmuseet si heimeside [www.kraftmuseet.no](http://www.kraftmuseet.no), og på facebook.

For å gjera det så enkelt som mogleg å delta, vil Kraftmuseet selgja ferdige pakkar med materiale i museumsbutikken. Så då er det berre til å samlast rundt bordet i heimen og laga den tradisjonelle julepynten etter vennelaget sine instruksar.



Solfrid Kvam, Solveig Våde og Gjertrud Sandvin lagar ferdig materialpakkar. *Foto: Anne Gravdal*

Pakkane inneheld materiale til ein engel, ein dompapp, ei konglemor og eitt hjarta. Prisen er kr. 50 per pakke og kan kjøpast i museumsbutikken i Tyssedal.

# Sommarsesongen 2020

Etter ein uviss start på sesongen 2020, var det kjekt å kunna opna museet for publikum den 16. juni. Smittevern hensyn var ivareteke, utstillingane vart stengde, og resepsjon og butikk flytta til kraftstasjonen. Denne noko uvanlege sommarsesongen viste seg å verta uventa bra!

Sommarvikarane var på plass, og to av dei intervjuar dei andre tre.

## I kraftstasjonen i Tyssedal

Eli Rognan (19) og Lasse Tverdal (22) var sommerverter i kraftstasjonen, noe de også har vært tidligere. Hvordan opplevde de jobben i den spesielle koronasommeren?



Lasse Tverdal og Eli Rognan. Foto: Emil Næss-Markhus

Eli synes det har gått greit å håndtere koronasituasjonen. Lasse forteller at det ikke har vært så veldig annerledes fra andre sommersesonger:

Den største forskjellen er kanskje hvem som kommer på besøk, at det var flere nordmenn i år. Det har jo vært veldig tydelig. Ellers synes jeg besøkstallene har vært ganske så overraskende bra.

Publikum har vid aldersspredning og ulike bakgrunner. Hva er de mest interessert i?

- Hvis det er gjester som kan litt om generatorer og turbiner fra før så er de mest interessert i å se det liksom. Folk som ikke kan så mye fra før er mest interessert i å høre gøy historier, forteller Eli.

Lasse opplever arbeidet med publikum som variert og spennende: Det er artig å formidle lokalhistorien til bygda og området.



Sommarvikarane Emil (17) og Frida Næss-Markhus (13). Foto: Knut Markhus

## Lindehuset

Deler av KraftLaben hadde flyttet inn i Lindehuset sammen med den flotte utstillingen «PÅ VEG». Eirun Flaten Sandvin (21) styrte opplegget.

Det virket som alle var fornøyde. Jeg fikk bare positive kommentarer.

Lindehuset og Lindeplassen hadde interessante tilbud for hele familien i sommer. KraftLaben-utstillingen «Det mystiske lyset» inne i Lindehuset bød på gøy aktiviteter for de yngre. På plassen utenfor var det et rikt sortiment av forskjellige barnetilbud.



Eirun Flaten Sandvin. Foto: Emil Næss-Markhus

Retur: Kraftmuseet, Naustbakken 7, 5770 TYSSDAL

## Verv medlemmer til vennelaget!

Som medlem får du gratis inngang for deg, og den næraste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære opningstid. Du kan delta på Vennelaget sine årlege turar og arrangement.

Bladet Liv og Rør kjem i posten med informasjon frå Kraftmuseet og Kraftmuseets Venner. Du er med på å støtta stiftinga Kraftmuseet. Bli med i **Kraftmuseets Venner** og arbeid for eit godt museum for Odda og Tyssedal, for vasskrafta og prosessindustrien og deira bidrag til bygginga av det moderne Norge!

Kraftmuseets Venner har også eiga facebook-side! Om du har lyst til å like oss, finn du sida her:

[www.facebook.no/  
kraftmuseetsvenner](http://www.facebook.no/kraftmuseetsvenner)

[www.facebook.com/kraftmuseet](http://www.facebook.com/kraftmuseet)



### Kontingentsatsar:

|                          |    |       |
|--------------------------|----|-------|
| Enkeltmedlemmer:         | kr | 150   |
| Familiar:                | kr | 200   |
| Foreningar og lag:       | kr | 300   |
| Bedrifter, skular, osb.: | kr | 1 000 |

Kontakt: Leiar Bjørn Seim  
E-post: [bjoesei@online.no](mailto:bjoesei@online.no)  
Tlf.: 957 53 764

Kasserar: Eva Strand Brattespe  
E-post: [eva.brattespe@kinsarvik.net](mailto:eva.brattespe@kinsarvik.net)

På nettsida **[www.digitaltmuseum.no](http://www.digitaltmuseum.no)** kan du leita gjennom Kraftmuseet sine om lag 16000 historiske fotografi. Finn du eit foto du kunne tenka deg å ha, tek du kontakt med fotoavdelinga. [siri@kraftmuseet.no](mailto:siri@kraftmuseet.no) for tinging.

**Digitalt**Museum

## Skal du arrangera kurs, seminar eller konferanse?

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnader:  
kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbod: [post@kraftmuseet.no](mailto:post@kraftmuseet.no) - 53 65 00 50



[www.kraftmuseet.no](http://www.kraftmuseet.no), [www.facebook.com/kraftmuseet](http://www.facebook.com/kraftmuseet)